

Innspel til høyring på barnehage- og skulebruksplan

Frå SU/SMU ved Kløvheim skule

SU/SMU på Kløvheim skule har den 07.09.23 sett på planprogrammet for barnehage og skulebruksplan og har følgande innspel:

- SU/SMU meiner det vert viktig å vurdere konsekvensane av demografifjustering på lang sikt, òg å ta omsyn til kva konsekvensane av sentralisering vil ha å seie for busetjing og tilflytting til i bygdene i kommunen.
- Vidare meiner SU/SMU at det i høve til demografifjustering vert det feil å vurdere nedlegging av skular, berre på bakgrunn av elevtal. Andre faktorar som nærmiljø, samarbeid skule og bhg, økonomi, skulebygg og skulemiljø må vurderast òg vektleggast.
- Små skular har moglegheiter og potensiale både fagleg og sosialt som ein ikkje kan få til på same måte på ein stor skule. Mellom anna aldersblanding med samhandling og undervisning på tvers av trinn. Vidare er nært band til barnhagen verdifullt i overgangen frå barnehage til skule. Det er med å skape tryggleik og styrke relasjonar mellom yngre og eldre born i bygda.
- Alver er ein kommune med store avstandar og ein bør ta i bruk heile kommunen for å oppretthalde levande bygder. Det er verdifullt å få veksa opp i eit samfunn som held saman, der alle kjenner kvarandre og «passan» på kvarandre på tvers av alder og generasjonar. I Alver kommune bør det vera mogleg å velja om ein vil sende borna sine til stor skule eller liten skule, velje om ein vil busetje seg sentralt eller i grender i kommunen. SU/SMU meiner det er viktig og nyttig for Alver kommune å kunna ha nærskule i bygdene.
- Det er ulik standard på skulebygga i kommunen. Vi finn alt frå helt nye skular til brakkeskular. Her meiner SU/SMU at kostandane ved leige av brakker versus oppgradering av skulebygg, som allereie har god kapasitet må vurderast. Utbetring og oppgradering av skulebygg er eit kortsiktig utlegg, medan leige av brakker er ein langsiktig kostnad. Samstundes veit vi at brakkebygg oftast ikkje kjem med spesialrom, som gymsal og rom til mat & helse faget. Noko som vil genera fleire kostnadar med skyss til andre skular, for å drive undervisning. SU/SMU meiner at det bør vurderast, om det vil vere meir

hensiktsmessig å oppgradere bygga som allereie har god kapasitet og eigne spesialrom.

- Ein uavhengig konsekvensrapport frå ca. 2016 gjorde ei utgreiing for områda Kløvheim og Eikanger og der kom det fram at å bruka bygningane ved Kløvheim vil vera mest hensiktsmessig økonomisk. Skulebygget har stor kapasitet og med noko vedlikehald, bl.a med ventilasjonsanlegg, vil det vere mest økonomisk for kommunen å drifta skule her.

SU/SMU meiner difor at det er potensiale for å behalde Kløvheim skule og fortsetje drift som i dag. Òg at ein i påvente av at det skal byggjast ny skule på Eikanger kan ein oppgradere Kløvheim for å ta imot elevar frå Eikanger skule.

-Endring/omstrukturering av krinsgrenser kan vere hensiktsmessig. Fleire skuler har liten plass, og liten kapasitet til å ta i mot nye elevar. Difor kan endring/omstrukturering av krinsgrenser vere eit verktøy for å fordele elevmassen til skular med god kapasitet.

-Når ein skulebruksplan skal utformast er faktorar som nærmiljø, samarbeid skule og barnehage, økonomi, skulebygg og skulemiljø viktig å ta omsyn til.

- Kommunen bør ta omsyn til at familiar må kunna etablere seg der dei ønskjer òg få kvardagen til å gå opp med jobb og bhg/skule. Legge til rette for at småbarnsforeldre som bur i bygdene ikkje skal køyre store omvegar for å levere og hente born i barnehage, skule og sfo.

SU/SMU Kløvheim skule